

## KOMMUNAL PLANSTRATEGI

HEMSEDAL KOMMUNE

Vedteke: 5.11.2020 K-sak 114/20



# PLANSTRATEGI 2020-2023



## INNHOLD

1	Innleiing .....	3
1.1	Bakgrunn og formål .....	3
1.2	Kommunal planstrategi .....	3
2	Plansystem i kommunen.....	3
2.1	Kommuneplan .....	3
2.2	Planer knytt til kommuneplanens samfunnsdel.....	4
2.3	Planer knytt til kommuneplanens arealdel .....	5
3	Overordnede føringar .....	5
3.1	Nasjonale og regionale forventninger .....	5
3.2	Interkommunalt plansamarbeid.....	6
4	Utviklingstrekk og utfordringar.....	6
4.1	Målområder, prioriteringar og sentrale kommunale planar (jf. samfunnssdelen).....	6
5	Vurdering av planbehovet .....	9
5.1	Revisjon av kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel) .....	9
5.2	Beredskapsplan .....	9
5.3	Kommunedelplanar (tema og areal) .....	10
5.4	Reguleringsplanar .....	10
5.5	Tema og sektor(fag)planar som ikke følgjer plan- og bygningsloven.....	11
6	Planoppgåver 2020-2023.....	12
7	Vedlegg .....	12


## 1 INNLEIING

### 1.1 BAKGRUNN OG FORMÅL

Kommunal planstrategi er eit lovbestemt arbeid etter plan- og bygningsloven § 10-1. Formålet er å tydeleggjera kva for planoppgåver kommunen bør starte opp eller føre vidare for å legge til rette for ei ynskt utvikling i kommunen.

### 1.2 KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere for å møte kommunen sine behov. Kommunal planstrategi skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av kommunestyret. Planstrategien skal byggje på oversikten over helsetilstand i kommunen og dannar grunnlaget for utarbeidninga av kommuneplan og vidare økonomiplan, som fordeler midlar der behovet og prioriteringane er størst.



Figur 1. Samfunnsplassering som verktøy ([Helsedirektoratet, 2016](#)).

Den kommunale planstrategien har som mål å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon. Både interne og eksterne utviklingstrekk som kan få betydning for kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling skal vurderast. Dette gjeld både langsiktig arealbruk, miljø-/klimautfordringar, sektoren sin verksemeld og ei vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden.


## 2 PLANSYSTEM I KOMMUNEN

Kommunen gjennomfører planoppgåver innanfor ein rekke områder, både lovpålagde og ikkje lovpålagde. Dette gjeld både planoppgåver som ikkje følgjer plan- og bygningsloven (lovpålagde etter sektorlovverk og ikkje lovpålagde), og planlegging som følgjer plan- og bygningsloven. Eit godt plansystem er viktig for å sikre gjennomføring av vedtekne målsettingar. Gjennom handlingsdelen - økonomiplanen tildelast årleg ressursar for gjennomføring.

### 2.1 KOMMUNEPLAN

Kommuneplanen er kommunen sin overordna styringsdokument og gjev rammer for utvikling av samfunnet i Hemsedal og forvaltning av ressursane. Kommuneplanen består av to delar, ein samfunnssdel og ein arealdel. Samfunnssdelen skildrar ynskja utvikling i kommunen. Målsettingar og

strategiar frå samfunnssdelen vert konkretisert i arealdelen gjennom juridisk bindande arealforvaltning og økonomiplanen.



Figur 2. Skjematisk framstilling av plansystemet.

## 2.2 PLANER KNYTT TIL KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

Særskilte tema vert fanga opp av tematiske kommunedelplanar samt tema- og sektor(fag)planar. Desse planane er ikkje juridisk bindande. **Tematisk kommunedelplan** er ein plan for eit bestemt tema eller verksemdsområde. Den skal definere mål og strategiar bygget på dei langsigte måla angitt i kommuneplanen. Planprosessen ved utarbeiding av kommunedelplan må følgje plan- og bygningsloven og skal ha ein handlingsdel som rullerast årleg. **Fag- og temaplanar** derimot, sjølv om dei også er utarbeida for å ivareta eit bestemt tema eller fagområde, ikkje treng å følgje plan- og bygningsloven. Dei skal beskrive utfordringane på det aktuelle feltet, angi mål og definere strategiar for å nå måla.

### TEMAPLAN ELLER KOMMUNEDELPLAN?

Kor vidt ein plan vert utarbeida som kommunedelplan eller ein temaplan heng saman med formålet til planen og i kor stor grad befolkning i Hemsedal og overordna mynde skal involverast i planprosess og ikkje minst gjennomføring av tiltak ein evt. kjem fram i planprosessen. Ofte er dei fleste temaplaner teke til politisk handsaming (1. og 2.gongs handsaming) og det som skil dei frå kommunedelplaner i praksis er at oppstart ikkje er varsle/kunngjort og ikkje har dei planprogram. Planprosess ved ein kommunedelplan er derfor noko meir omfattande, men ofte bidrar medverknad til at planar vert berre og at befolkning får, ved å delta i planprosessen, eit slags eigarskap i plan. Dette bidreg vidare til at det vert mykje lettare å gjennomføre dei tiltak som vert satt opp i handlingsdelen. Men ikkje alle planar treng ein handlingsdel og brei involvering av befolkning og er meir meint som verksemdsplan. Det må med andre ord ein konkret vurdering, ved oppstart av planer for eit bestemt tema eller verksemdsområde, på kva for type plan eigner seg best. Dette vil t.d.

gjelde følgjande planar: *Helse-, omsorg- og sosialplan, Strategisk næringsplan, Beitebruksplan og Trafikktryggleiksplan.*

## 2.3 PLANER KNYTT TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL

**Kommunedelplan** for arealbruk er ein plan for eit bestemt område. Den skal ha planprogram. **Reguleringsplan** er derimot eit detaljert arealplankart med føresegn for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjeve. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering. **Områderegulering** er kommunens planreiskap for meir detaljerte områdevise avklaringar av arealbruken, medan **detaljregulering** er ein detaljert reguleringsplan som legg til rette for konkret gjennomføring av tiltak. Både kommunedelplan og reguleringsplan er juridisk bindande.

# 3 OVERORDNEDE FØRINGAR

## 3.1 NASJONALE OG REGIONALE FORVENTNINGAR

Kvart fjerde år legg regjeringa fram **nasjonale forventningar** til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Dette er gjort gjennom dokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23* (Kommunal- og moderniseringssdepartementet, 2019). Fylke og kommune har ansvar for at nasjonale forventningar vert følgt opp i arbeidet med planstrategi og planer, og at det samstundes vert lagt til grunn for staten sin medverknad i planlegginga. Den nasjonale politikken skal formidlast på ein tydelig måte, slik at planlegginga på fylkes- og kommunenivå kan skje effektivt og til beste for heile landet. Samtidig legg regjeringa vekt på styrking av det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser.

Hemsedal er ein del av Viken Fylkeskommune frå 2020. **Regional planstrategi** for Viken skal sluttbehandlast i desember 2020. Det er laga eit kunnskapsgrunnlag [Vi i Viken](#) som utgangspunkt for arbeidet. Her finn ein status og statistikk for ein rekke områder med kopling til FNs bærekraftsmål. Kunnskapsgrunnlaget er også lagt til grunn for Hemsedal sin planstrategi.

Planverket for Buskerud skal gjelde så lenge det ikkje er erstatta av nye planar i Viken fylke. Regionale føringane vert følgt opp gjennom følgjande regionale planar:

- Regional plan for Nordfjella 2014 - 2025
- Regional plan for kunnskapssamfunnet 2016-2020
- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021
- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Glomma 2016-2021
- Regional plan for kulturminnevern 2017-2027
- Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035
- Fylkesdelplan for avkjørsler og byggegrenser langs riksvegnettet i Buskerud Del I og II (2004)
- Kollektivtransportplan for Buskerud fylke- til 2030
- Regional plan for verdiskapning og næringsutvikling i Buskerud 2015-2020
- Regional plan for areal- og transport i Buskerudbyen 2018-2035
- Regional plan for Hardangervidda 2011 - 2025

### 3.2 INTERKOMMUNALT PLANSAMARBEID

Den kommunale planstrategien er også ein arena for å avklare behov og planoppgåver som best kan løysast gjennom interkommunalt samarbeid. Dette kan gjelde både innanfor samfunnsplanlegging, arealplanlegging og tenesteyting.

Kommunereforma har ikkje ført til endringar i kommunestrukturen i Hallingdal. Det er ikkje lagt føringar for endingar i komande valperiode. **Strategisk plan for Hallingdal** skal reviderast i planperioden. Det er svært viktig at planen vert rullert med brei medverknad og forankring i kommunane og Viken fylke, både administrativt og politisk. **Affallsplan for Hallingdal og Krødsherad** samt **Regional plan for vassforvaltning i vassregion Innlandet og Viken** er andre planar som vert revidert i perioden. Behovet for revidering av avfallsplan er knytt til lovendring som krev at kommunar etablerer ein eigen innsamling av matavfall som ressurs. **Bustadpolitisk handlingsplan for Hallingdal** er frå 2006 og bør reviderast/eventuelt erstattast av ny plan i perioden.

## 4 UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart sist vedteken av kommunestyret den 07.05.2020 og dannar utgangspunkt for målområder, prioriteringar og planbehov i denne valperioden. Planen tar for seg både demografi, næringsstruktur og kommuneøkonomi. Basert på utfordringar og moglegheiter er det også følgjande tema innarbeida i samfunnsdelen: samfunnssikkerheit og beredskap, barn og unge, universell utforming samt folkehelse. Når det kjem til folkehelse er det i tillegg oppdatert statusdokument *Folkehelse i Hemsedal – status og utfordringer. (Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i Hemsedal kommune)*, som er lagt til grunn for vurdering av planbehovet i planstrategi (pkt.5).

### 4.1 MÅLOMRÅDER, PRIORITERINGAR OG SENTRALE KOMMUNALE PLANAR (JF. SAMFUNNSDELEN)

MÅL	PRIORITERINGAR (Strategi)	SENTRALE KOMMUNALE PLANAR
<b>BULYST</b> (Bygd – og stadsutvikling, kultur, idrett og organisasjonsliv)		
1 <b>3000 innbyggjarar innan 2030</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Varierte butilbod i alle prisklasser til alle målgrupper</li> <li>Regulere og stimulere til bustadbygging</li> <li>Barnehageplass til alle barn over 1 år</li> <li>Betre kollektivtilbod til alle brukargrupper</li> <li>Buplikt som reiskap for fast busetting og tilgang på bustadar</li> </ul>	Kommuneplan for Hemsedal – Arealdelen 2018-2030  Kommunedelplan – Hovedplan for vannforsyning
2 <b>Varierte moglegheiter for arbeid</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunnskap om målgruppa – Kven er dei og kvifor flyttar dei hit og kvifor flyttar dei ut?</li> <li>«Etablerer pakke» med ledige lokale, rådgjeving og oppstartshjelp</li> <li>Næringsareal og infrastruktur som mogeleggjer innflytting av verksemder</li> <li>«Sesongarbeidarar som ressurs» - kompetanse og heilårsarbeidsplassar</li> <li>Regionalt samarbeid og oppfølgjing av tiltak i regional plan for Hallingdal</li> </ul>	Kommunedelplan – Hovedplan for avløp og vassmiljø  Kommunedelplan for friluftsliv og idrett  Kommunedelplan for Energi og klima  Strategisk næringsplan
3 <b>Variert kultur- og friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innbyggarinvolvering for utvikling av lokalsamfunnet (Kommune 3.0)</li> <li>Stimulere utvikling og samhandling mellom skule og frivillige organisasjonar</li> <li>Innbydande og attraktive sosiale møteplassar gjennom bevisst estetikk og byggeskikk</li> </ul>	Beredskapsplan  Kulturminneplan

		<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareutvikle kulturmiljø som viktige identitets- og opplevelingstilbod</li> <li>Vitale og attraktive tettstadscentrum</li> </ul>	Trafikktryggleiksplan
4	<b>Attraktiv kommune for fritidsbygninger</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>«Hytte som mellombels bustad» – avklare konsekvensar og mogelegheiter</li> <li>Hytteigarane som ein ressurs og dørspnar for næringsutvikling</li> <li>Tilrettelegging for fiber i hyttefelt</li> </ul>	
<b>LIVSLØP</b> (Oppvekst, helse og livskvalitet)			
1	<b>Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Alle innbyggjarar skal ha like mogelegheiter til å bidra og delta i lokalsamfunnet</li> <li>Legge til rette for eit rikt kultur-, idretts- og organisasjonsliv</li> <li>Auka kunnskap og forståing mellom minoritets-/majoritetsbefolking</li> <li>Tenester som gir sosial tryggleik med rett skalering av politi og helsetenester</li> <li>Etablere fleire møteplassar for ungdom i alderssegmentet 16-20 år</li> </ul>	Kommunedelplan for friluftsliv og idrett  Strategisk næringsplan 2016-2019  Helse og omsorgsplan  Rusmiddelpolitisk plan  Bustadsosial handlingsplan  Trafikktryggleiksplan
2	<b>Born og unge opplever meistring, tryggleik, inkludering, trivsel og framtidstru</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Motivere barn og unge til å utvikle kreativitet, og eigne evner for framtida sine utfordringar</li> <li>Betre resultat enn landssnittet i skulen og god rådgiving som sikrar at unge gjennomfører vidaregåande opplæring</li> <li>Temagrupper for ungdomsskuletrinnet med utfordringar dei er oppteken av</li> <li>Presentere næring og samfunn som syner at ungdommen føler seg etterspurt og verdsatt</li> <li>Ungdomsrådet som aktivt høyringsorgan</li> <li>Aktivt og variert kultur-, idretts-, og fritidstilbod i samarbeid med frivillig sektor</li> <li>Vidareutvikle tilbod innan kulturskula, SFO, fritidsklubb og bibliotek</li> </ul>	
3	<b>Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Levevaner og livsmeistring som fag på barne- og ungdomsskulen</li> <li>Styrke foreldrefunksjonen gjennom å utvikle støttande arenaer og nettverk.</li> <li>Fysisk aktivitet og helsefremmende tiltak ovanfor alle innbyggjarane i samarbeid med friviljug sektor</li> <li>Legge til rette for at innbyggjarane kan ivaretaka eiga helse</li> </ul>	
4	<b>Framtidsretta helse- og omsorgstjenester samt at eldre bur heime lengre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Helsetenester med fokus på brukermedverknad, interkommunalt samarbeid og kvalitet</li> <li>Velferdsteknologi som satsingsområde</li> <li>Brukartilpassa bummiljø for eldre</li> <li>God og systematisk samhandling med frivillige</li> </ul>	
<b>MILJØ</b> (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning)			
1	<b>Norges «grønaste» fjellbygd innan 2030 i høve til CO2 utslepp</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>10% auke av tal miljøsertifiserte verksemder pr. år fram mot 2030.</li> <li>Hemsedal sertifisert som bærekraftig reisemål.</li> <li>Fornybare energikjelder som retningslinje ved næring, transport og utvikling</li> <li>40% samla reduksjon i klimagassutslepp i høve 2009-tal, korrigert for innbyggjartal</li> </ul>	Kommuneplan for Hemsedal – Arealdelen 2018-2030  Kommunedelplan – Hovedplan for vannforsyning  Kommunedelplan – Hovedplan for avløp og vassmiljø
2	<b>Ta vare på kulturminner, naturmiljø og kulturlandskapet gjennom bruk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjere friluftsområder og kulturminner meir tilgjengeleg gjennom bevisst folkehelsearbeid</li> <li>Auke kunnskapen om miljø hjå barn og unge, og bruke frivillige som ressurs</li> <li>Verdifulle naturområder skal kartleggjast og takast vare på</li> </ul>	Kommunedelplan for friluftsliv og idrett
3	<b>Langsiktige og heilskaplege</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skjerme samanhengande natur- og landbruksområde slik som nordsida av dalen f.o.m. foten av Skogshorn t.o.m. Høgeloft</li> </ul>	Kommunedelplan for Energi og klima

	<b>arealbruks- og utbyggingsplaner</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fortette og samle utbygging basert på kunnskap og heilskapleg arealplanlegging</li> <li>• Oppretthalde verdien av viktige jordbruks-, støls og beiteområder med vekt på dyrka mark</li> <li>• Ivareta biologisk mangfald og landskap</li> </ul>	Strategisk næringsplan 2016-2019  Beredskapsplan 2020
<b>4</b>	<b>Bærekraftig klima- og energipolitikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Omsette nasjonale mål til praktisk handling lokalt knytt til klimagass- og energiforbruk</li> <li>• Stimulere til fornybare energibruk, og bruk av mindre energi per person, utan at dette får kostnad for miljøet omkring</li> <li>• Vere ein føregangskommune innan communal forvaltning</li> </ul>	
<b>NÆRINGSLIV</b> (Innovasjon, utbygging, reiseliv, landbruk og samferdsel)			
<b>1</b>	<b>Heilårleg bærekraftig reiselivsutvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for sykkel- og aktivitetstilbod som støtter opp under kjerneverksemnd og destinasjon</li> <li>• Trinnvis utvikling av Røggelia som reiselivstilbod for å sikre høg grad av lokal verdiskapning</li> <li>• Støtte opp under Hemsedal Turisttrafikklag som eit samlande verktøy for reiselivsutvikling</li> <li>• Bidra til kompetanseutvikling og fellesgodefinansiering av infrastruktur</li> <li>• Vidareutvikle det vinterbaserte reiseliv og styrke det sommarbaserte reiseliv</li> </ul>	Kommuneplan for Hemsedal – Arealdelen 2018-2030  Kommunedelplan for friluftsliv og idrett  Kommunedelplan for Energi og klima  Strategisk næringsplan 2016-2019
<b>2</b>	<b>200 nye arbeidsplassar basert på eit variert og bærekraftig næringsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Knoppskyting frå etablert næringsliv som grunnlag for heilårsarbeidsplassar</li> <li>• Kunnskapsbaserte verksemder med vekt på «grøn» næringsutvikling»</li> <li>• Tilgjengeleg næringsareal, næringslokale og lokale for produksjon</li> <li>• Samle ressursane kring fyrtårn</li> <li>• Fibertilgang for alle</li> <li>• RV52 som marknadskanal</li> <li>• Etablere base for tre nasjonalt leiane varemerker med verksemd i Hemsedal</li> </ul>	Beitebruksplan – landbruk
<b>3</b>	<b>Kreativt og innovativt entreprenørskap</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «Veksthus for næring» med synergি for reiseliv, kultur, mat og idrett.</li> <li>• «Møteplassar» for ungdom og næring med ressurspersonar</li> <li>• Ugt entreprenørskap i skulen samt tilrettelegging for lærungsplassar</li> <li>• Interkommunal etableringsrettleiting og forum for næringssamarbeid</li> <li>• Fremje høgskuletilbod basert på behovet til Hemsedal sitt næringsliv</li> </ul>	
<b>4</b>	<b>Miljøvennleg infrastruktur og kollektivtilbod</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utbygging tilrettelagt for sykkel og mjuke trafikkantar</li> <li>• Kvalitet kontra kvantitet</li> <li>• Samanhengande kommunikasjon buss/tog mellom storbyregion Oslo/Bergen og Hemsedal</li> <li>• RV52 lagt om utanfor tettstadane</li> <li>• Brukartilpassa og miljøvennleg kollektivtilbod</li> <li>• Legge til rette for ladestasjonar for elbil og tankstasjon for hydrogen</li> </ul>	
<b>5</b>	<b>Eit landbruk bygd på framtidstru og miljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppretthalde og helst styrke den landbruksmessige produksjon</li> <li>• God samhandling mellom landbruk og turisme</li> <li>• Miljøvennleg landbruk</li> <li>• Kortreist mat frå lokal foredling og produksjon</li> <li>• Stølsbruk og kulturlandskapspleie</li> <li>• Fornybar energi basert på landbruket sine råstoff og avfall som biogassanlegg</li> <li>• «Skogen som ressurs» - frå plast til trevirke</li> <li>• Nullvisjon for tap av matjord</li> </ul>	

## 5 VURDERING AV PLANBEHOVET

### 5.1 REVISJON AV KOMMUNEPLANEN (SAMFUNNSDEL OG AREALDEL)

Nyleg vedteken samfunnsdel seier noko om kva for kommune me ynskjer oss i 2030 og legg til grunn at kommunen sine lokale mål og strategiar skal følgje FN sine [17 utviklingsmål for bærekraft](#) for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk bærekraft. Bærekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd, god helse, stanse tap av naturmangfald og klimaendringar.

Administrasjonen konkluderer med at det ikkje er behov for ein full revisjon av samfunnssdelen i valperioden 2019-2023 sidan den vart vedteken så seint som 07.05.2020 og varetok både nasjonale og regionale føringar samt FNs bærekraftsmål gjennom 4 målområda (Bulyst, Livsløp, Miljø og Næringsliv). Mål og prioriteringar er vidare tilstrekkeleg for å definere kva for andre planar me treng for å møte dei behova Hemsedal står ovanfor i nærmaste framtid. Fokuset vil derfor vere retta mot oppfølging av samfunnssdelen gjennom tematiske kommunedelplaner og temaplaner, handlingsdel og økonomiplan. Dette vil gje oss moglegheit til å hauste erfaringar om korleis samfunnssdelen verker som politisk og administrativt styringsverktøy, og i kor stor grad utviklinga går i den retninga som vert trekt opp i mål og føringar i planen.

Arealdelen av kommuneplan bør derimot verte prioritert i denne valperioden. Den vart vedteken 06.12.2018 og dekker langt på veg dei måla som ligg i samfunnssdelen. Samstundes er kommunen nød til å sette fokus på identifisering av nye bustad- og næringsareala for å følgje opp målområda frå samfunnssdelen. Det er med dette ikkje naudsynt med full revisjon men avgrensa revidering. Erfaringar med planen viser at det er behov for å stramme opp føresegna på nokre punkt, då dei er upresise. Dette gjeld spesielt i høve:

- Skiltføresegna må tilpassast prosessvedtak i Hovudutval for Plan og Ressurs - sak 89/19
- Presisering av føresegner for spreidd bustad i LNF- sone HA-C
- Tydeleggjering kva som er retningsgjevande og kva som er føresegn
- Tydeleggjering av tiltakssonar jf. kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet
- Presisering rundt motstridsregelen
- Gjennomgang av: vei (klasser og standard) også ift. framkommelighet for utrykkingskøyretøy
- Tema som brannvatn og overvann må inn i føresegner
- Identifisering av nye bu- og næringsareal
- Vurdering av fortetting innanfor eksisterande bustadfelt
- Vurdering av mineralressursar

### 5.2 BEREDSKAPSPLAN

Kommunen driv kontinuerleg beredskapsarbeid og det er eit tett samarbeid mellom kommunane i Hallingdal og nødetatane. Det arbeidast med ein felles mal for overordna beredskapsplan for Hallingdal kommunane. **Overordna beredskapsplan** for Hemsedal gjeld for naturkatastrofar og andre katastrofar som ikkje har utspring i naturgjevne tilhøve. Ved sida av overordna plan, finns det bl.a. smittevernplan, pandemiplan, planer ift. vatn og avløp, flaum, bortfall av straum og plan for varsling. Arbeidet med Corona – pandemi har vist at kommunen sine beredskapsplanar og arbeid er gode. Det er likevel ynskjeleg å få sett meir fokus på tiltakskort. Hensikta med eit tiltakskort er å ha ei huskeliste, som vert brukt til kvalitetssikring for dei ulike oppgåver og ansvar i samband med krise og beredskap. Overordna beredskapsplan vert derfor teke opp til ny vurdering i 2020.

### 5.3 KOMMUNEDELPLANAR (TEMA OG AREAL)

Kommunestyret har vedteke planprogram for **kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljø**, og lagt ut planprogram for **kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet** på høyring.

Planarbeidet for desse to planar er difor alt i gang. Både Stig- og løypeplan med Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vil inngå i kommunedelplan for friluftsliv idrett og fysisk aktivitet og går med dette ut så fort den nye kommunedelplanen vert vedteke.

**Kommunedelplan - Hovedplan VA**, beståande av Hovedplan for vannforsyning og Hovedplan for avløp og vannmiljø gir ein status, og peikar på utfordringar og behov. Det vil vere aktuelt å oppdatere plandokumenta etter kvart som resultat av analyser og undersøkingar ligg føre. Dette gjeld spesielt i høve reinseanlegg på Tuv, og korleis VA- leidning mellom Tuv og sentrum bør prioriterast.

I samfunndelen er det peika på behovet for kunnskap om naturmangfald, og at framtidig utvikling må vere tufta på dette. Arealendringar er den største trugslen og den viktigaste påverknadsfaktoren for naturmangfaldet i Norge. Det er difor viktig å sikre heilsakleg planlegging, der verknadane for naturmangfaldet vert sett på i samanheng med større områder og summen av fleire tiltak. Ein ny **kommunedelplan for naturmangfald** i Hemsedal kommune vil kunne styrke kunnskapsgrunnlaget for både politikarar og administrasjonen om korleis omsynet til naturmangfald bør verte tatt vare på, til dømes i saksbehandling av enkeltsaker. Effektiv og grundig saksbehandling vil vidare kunne bidra til lågare konfliktpotensial. Planen vil også vere eit viktig steg på vegen til ein økosystembasert tilnærming som har hovudfokus på dei store liner og samanhengar.

**Kommunedelplan for energi og klima** har varighet til 2022 og må reviderast i inneverande valperioden.

**Kommunedelplan for Markegardslia-Lykkja** har varighet til 2027 og det er ikkje komet fram behov for tidlegare revisjon.

### 5.4 REGULERINGSPLANAR

**Områderegulering for Røggelia** vert overlat til private. Av meir omfattande **detaljregulering** er det **Trøym sentrum – bustad** der prosessen er alt påbegynt som det vert sat fokus på å ferdigstille i 2020. Elles kan det vere aktuelt å **omregulere areal omkring Ulsåk skule**, for å tilbakeføre landbruksareal, men og sjå nærmare på trafikksituasjonen i området. Ny reguleringsplan for Tuv, vedteke i 2020 løyser arealbehov for barnehagen her. Arealbehov knytt til barnehage med dei vekstansлага ein ser som realistisk ved ei framskriving syner at ein ikkje treng å regulere meir areal.

Kunnskap knytt til sentrumsutvikling, med betydeleg investeringsomfang innan samferdsel og bruløysningar, men også store miljømessige konsekvensar, samt ambisjonar om å vidareutvikle Trøym sentrum som attraktivt bygdesentrums, vil innebere behov for ny **reguleringsplan for Trøym bygdesentrums**. Nytt kollektivknutepunkt, realisme/ alternativ brukryssing,- ift. overordna vegsystem, kva for miljøverdiar ein skal prioritere i sentrum, og kva for regulering ein treng for å sikre ei ynskja utvikling er tema ein bør sjå nærmare på. Hemsedal sentrum treng ein tydeleg og framtidsretta strategi for uterom og møteplasser, eit sted der er mange om å trekke lasset og der resultata held høg kvalitet.

Området **GolfAlpin (F17)** ligg i kommuneskogen, og er allereie prioritert for hytteutvikling.

Det er også behov for **mindre detaljreguleringsplanar** som oppfølging av Trafikktryggleiksplan t.d. farleg kryss på Svø samt reguleringsplaner plan for nye renovasjonspunkt t.d. ved Gravset.

## 5.5 TEMA OG SEKTOR(FAG)PLANAR SOM IKKJE FØLGJER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

I kommuneplanen sin arealdel er det avsett fleire areal for bustadbygging. I høve ønskja utvikling – 3000 innbyggjarar i 2030 er det nok utbyggingsvolum både koncentrert og spreidd. Samstundes er det ikkje gjort noko god analyse på kor denne bustadbygginga bør kanaliserast i høve minimering av areal og transportkostnad, samt økonomi i høve investering og drift. Kommunen manglar ei oversikt over nødvendig bustadmasse for dei ulike innbyggjargruppene t.d. ungbo og eldrebo, men har rigga eit løp der omsorgsbustadar vert dekke i høve yngre med særskilte behov.

Omsorgsbustadar for eldre er planlagt på/ved Bygdaheimen. Det er ikkje nokon god analyse av type bustadbehov (einebustadar eller fleirmannsbustadar). Det er heller ikkje noko god plan på bustadar for sesongarbeidarar. Det bør derfor utarbeidast ein **bustadsosial handlingsplan** som avklarar desse momenta nærmare. Det bør vidare komme på plass avklaringar rundt kva for bustadfelt ein ønsker å utvikle nå, i høve ønskja utviklingstrekk og etablert infrastruktur i høve økonomi, areal- og transport.

Det er behov for å sjå samla på fagområda innanfor helse, sosial og omsorg, slik at ein kan prioritere tiltak i eit tverrfaglig perspektiv og heilskap i tenestetilbodet. Av den grunn vert det foreslått å utarbeide ny plan - **Helse, omsorg og sosialplan**. Langsiktig samordna planlegging og tilstrekkelig kunnskap om utviklingstrekk som påverker tenestebenotet, er grunnlaget for å oppretthalde ein trygg og god helse-, sosial- og omsorgsteneste. Nye nasjonale reformar, føringar og loverk medfører store endringsbehov innanfor området. I tillegg representerer utvikling i demografi, levekår og sosiale helsekilnadar store utfordringar i åra som kjem. Plandokumentet skal vere oversiktleg, forståeleg og gi klare vegval og prioriteringar. Strategiane i planen skal implementerast og tas med i temaplanar, verksemndsplan og framtidige budsjett. Følgjande tema vil inngå som ein del av helse-omsorg og sosialplan:

- Rehabilitering og habiliteringsplan
- Demensplan
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Psykisk helsevernplan
- Seksuell helse
- Ivaretaking av funksjonshemma

Eksisterande temaplaner for ovannemnde tema går samstundes ut så fort ny plan vert vedteke.

Flyktningar kan vere både ein ressurs og utgift. **Plan for busetting av flyktningar** og korleis vi skal integrere flyktningane og få dei ut i arbeid eller som annen bidragsytar i lokalsamfunnet vil kunne gje svar rund denne problemstillinga. Ein slik plan er tenkt å starte i 2022.

Hemsedal kommune har relativt avgrensa med kommunale vegar, gater og gangvegar. Det vert likevel lagt ned betydelege ressursar i vedlikehald og investering i nye vinar kvart år og til saman representerer veganlegga fleire tials millionar kroner i ny verdi. For at desse verdiane skal forvaltast på best mogeleg måte, er det eit klart ynskje at det ligg føre eit godt styringsdokument som er politisk forankra - **Hovudplan for kommunale veg**. I ein slik plan er det ynskje om å fokusere på drift-, vedlikehald- og forvaltningskostnader i samanheng med investeringar. Det er og ynskje om å synliggjere tiltak for ulike trafikantar og gje grunnlag for å foreta dei prioriteringar som alltid må gjerast. Vidare bør planen gje ein total oversikt over mengder og ulike element, samt at den skildrar tilstand, standard og verditap vurdert ut frå levetidsbetraktingar. Hovudplan for veg bør samordnast med Trafikktryggleiksplan. Det er satt av midlar i budsjett for 2020 til arbeid med planen. **Trafikktryggleiksplanen** har varighet til 2023 og må reviderast i inneverande valperioden.

Kommunen sin **Strategisk næringsplan** er frå 2015. Hovudmåla i planen står framleis fast, og tiltaka som er definert vert vurdert som gode. Reiselivsnæringa jobbar med utforming av ein reiselivsstrategi. I tillegg vert det jobba med sertifisering av destinasjon som bærekraftig reisemål. Kommunen sin utbyggingspolitikk er ei sentral del av næringsplanen. Det er førebles ingen signal om at ein ynskjer å gå bort frå «varmsengspolitikken» - senger i næring. Planen har varighet til 2022 og må reviderast i inneverande valperioden. Det er samstundes ønskeleg å oppdatere næringsplanen i høve resultat knytt til reiselivsstrategien for kommunen.

**Beitebruksplan** for kommunen vart vedteke i 2018. I samband med behandlinga vart det eit politisk ønske om å ta planen opp til revidering etter 2 år. Planen syner status og ei rekke tiltak som underbyggjer måla. Etablering av «kontaktutval» i næringa, og oppfølging av tiltak ref. vedtak av årleg økonomi- og handlingsplan vert på kort sikt rekna som dekkande i høve næringa sine behov. Arbeidet med strategi i landbruket er fråverande i den Strategiske Næringsplanen og det er derfor ønskeleg å sette i gang arbeide med ein **Landbruksplan** i denne planperioden. Beitebruksplanen har varighet til 2022 og bør ved revidering gå ut og inngå som ein del av Landbruksplanen.

**Kulturplanen** vil vere ein temaplan og eit strategisk verktøy for vidare utvikling av kulturlivet i kommunen. Prioriteringar og tidspunkt for gjennomføring vil vere knytt til årlege vedtak om budsjett og økonomiplan. Planen vil legge vekt på innhald, kvalitet og kreativitet i kulturlivet. Det utvida kulturomgrepel vil ligge til grunn for planen. Det vil si at ein tenkjer både på tradisjonelle kunst og kulturuttrykk, lag og foreiningar, det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, fritid og tilgrensande samfunnsmiljø. Det er samstundes viktig å sette kulturlivet i eit folkehelseperspektiv då helse- og velferdsgevinstar kjem av auka fysisk og kulturell aktivitet. Kulturplanen vil med dette vere ein viktig reiskap i det langsiktige arbeidet med å utvikle profil og omdøme for kommunen. Planen vil òg bidra til å knyte tettare band mellom kultur og helse, heilt i samsvar med kulturmeldinga – Meld.St.8 (2018-2019) «[Kulturens kraft](#)».

## 6 PLANOPPGÅVER 2020-2023

Det er eit overordna mål at all planlegging skal vere heilsakleg og ikkje meir omfattande enn nødvendig. Det er viktig at strategiarbeidet byggjer på utgreiingar som allereie eksisterer. I den årlege rulleringa av kommuneplanen sin handlingsdel er det viktig at alle einingar og tenesteområder medverkar slik at kommunen som organisasjon jobbar saman for å nå overordna mål som er vedtekne i kommunen sin samfunnsdel.

Etter ei vurdering av utviklingstrekk og utfordringar i Hemsedal kommune, er det i tabell (vedlegg 1) lagt fram ei oversikt over planstatus og planbehov for den inneverande fireårige planperioden (2020-2023).

## 7 VEDLEGG

### 1. Ajourført planoversikt – planbehov 2020-2023

## Vedlegg 1.

### AJOURFØRT PLANOVERSIKT - PLANBEHOV 2020-2023

PLANGRUPPE OG TEMA	VEDTEKEN/UTARBEIDA	SAMORDNING			RULLERING(H) / OPPSTART(S)/REVIDERING(R)				MERKNAD	ANSVAR
		KLIMA	BARN/UNGE	FOLKEHELSE	20	21	22	23		
<b>OVERORDNEDE PLANER</b>										
Kommunal planstrategi	05.11.2020	X	X	X	R			R	Rullerast kvart 4. år.	Rådmann
Kommuneplan Samfunnssdel 2019-2030	07.05.2020	X	X	X					Vert vurdert i samband med økonomiplan.	Rådmann
Kommuneplan Arealdel 2018-2030	06.12.2018	X	X	X		R			Oppdateing av føresegner.	Rådmann/ Teknisk etat
Handlingsdel - Økonomiplan	17.12.2019	X	X	X	H	H	H	H	Årlig rulling.	Rådmann
<b>BEREDSKAPSPLANAR</b>										
Overordna beredskapsplan	16.09.2016	X			R	R	R	R	Ikkje behov for revidering i nåverande valperiode.	Teknisk etat
<b>KOMMUNEDELPLANER - TEMA</b>										
Idrett og fysisk aktivitet 2018-2021	14.12.2017		X	X	H	utgår			Vert erstattet av ny kdpl. for friluftsliv, idrett og fysisk anlegg.	Teknisk etat/ kultur
Hovedplan VA 2018-2030	25.09.2018	X			H	H/R	H	H	Årlig rulling og gjennomføring av handlingsdelen. Må reviderast.	Teknisk etat
Energi- og Klimaplan 2019 – 2022	19.01.2019	X			H	H	H	H/R	Årlig rulling og gjennomføring av handlingsdelen.	Teknisk etat
Friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet	NY		X	X	S	S	H	H	Ny - varsla oppstart og planprogr. sendt ut på høyring. Sammanslåing av stig- og og løypeplan med kdpl. for idrett og fysisk aktivitet.	Teknisk etat
Kulturminne- og kulturmiljø	NY			X	S	S	H	H	Ny - vedteken planprogram.	Teknisk etat/ Kultur
Naturmangfold	NY	X	X	X			S	S	Grunnlag for framtidig arealplanlegging.	Teknisk etat
<b>KOMMUNEDELPLANER - AREAL</b>										
Markegardslia-Lykka 2015-2027	18.06.2015	x	X	X					Ikkje behov for revidering i nåverande valperiode.	Teknisk etat
<b>REGULERINSPLANAR</b>										
Detaljregulering for Trafikktryggleikstiltak (Svøovegen)	NY	X	X	X	S	S			Regulering av avkjøringsfelt for skulebuss.	Teknisk etat
Detaljregulering for areal omkring Ulsåk skule	NY	X	X	X			S		Omregulering - tilbakeføring av landbruksareal og vurdering av trafikkloysinger.	
Detaljregulering for Nye renovasjonspunkt	NY	X		X	S				Oppfølging av ny avfallsplan – sikring av trygge renovasjonspunkt.	Teknisk etat
Detaljregulering for Trøym sentrum – bustad	NY	X	X	X	S				Revidering av gml.planer. Svært ressurskrevende. Lite andre analyser.	Teknisk etat
Detaljregulering for Trøym bygdesentrums	NY				S				Vurdering av trafikk, kollektiv knutepunkt, tydelegjering av framtidsretta strategi for uterom og møteplasser mm.	Teknisk etat
Områderegulering for Røggjelia	NY	X	X	X					Ingen annen ressursbruk enn planstrategi. Utarbeiding vert overlat til private.	Teknisk etat
Detaljregulering for F17 – Golf / Alpin IV	NY	X		X	S	S			K-styresak 51/19. Avklarast ressursbehov.	Teknisk etat
<b>FAG- OG TEMAPLANAR</b>										
Stig- og løypeplan 2015-2018	09.10.2014			X	H	utgår			Vert erstattet av ny kdpl. for friluftsliv, idrett og fysisk anlegg.	Teknisk etat
Plan - overgang barnehage - skule 2015-2020	01.01.2015		X	X	R				Revidering kvart 4. år	Oppvekst sektor
Strategisk næringsplan 2016 - 2022	18.06.2015				R	R	H		Revidering etter ny reiselivsstrategi/ bærekraftig reisemål. Vurdering tema- eller kommunedelplan.	Teknisk etat
Beitebruksplan 2018-2022	21.06.2018				H	H	utgår		Gjennomføring el. årlig rulling av handlingsdelen. Utgår - vert ein del av ny plan for Landbruk.	Teknisk etat - Landbruk
Trafikktryggleiksplan 2020-2023	23.01.2020	X	X	X	H	H	H/R		Gjennomføring el. Årlig rulling av handlingsdelen. Vurdering tema- eller kommunedelplan.	Teknisk etat
Landbruksplan	NY					S	H		Ny - oppstart 2022. Vurdering tema- eller kommunedelplan	Teknisk etat - Landbruk
Kulturplan	NY		X	X			S	H	Ny - oppstart 2022. Vurdering tema- eller kommunedelplan	Kultur
Hovudplan for kommunale veg	NY				S				Ny- ikkje starta opp ennå.	Teknisk etat
Bustadsosial handlingsplan	NY	X	X	X	S				Ikkje starta opp ennå.	Helse/ Rådmann/ Teknisk etat
Helse-, omsorg- og sosialplan	NY		X	X	S	H	H	H	Ny - oppstart juni 2020. Vurdering tema- eller kommunedelplan.	Helse- og omsorgssektor
Plan for buseetting av flyktninger	NY					S			Ny- ikkje starta opp ennå.	Helse- og omsorgssektor
Rusmiddel politisk plan inkl. handlingsdel.									Utgår - vert ein del av ny plan for helse, omsorg og sosial.	Helse- og omsorgssektor
Plan for rehabilitering og habilitering									Utgår - vert ein del av ny plan for helse, omsorg og sosial.	Helse- og omsorgssektor
Psykisk helsevernplan									Utgår - vert ein del av ny plan for helse, omsorg og sosial.	Helse- og omsorgssektor
Plan for demens – rulling									Utgår - vert ein del av ny plan for helse, omsorg og sosial.	Helse- og omsorgssektor